

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)
Att:
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Fiskeridirektoratets uttale til tilleggsutgreiingar og forslag til avbøtande tiltak for Mauranger 2 i Kvinnherad kommune

Vi syner til brev av 20.02.2025, og beklagar seint svar. NVE ønsker våre vurderingar om forslag til endring av utlaup av ferskvatn i Austrepollen som Statkraft presenterer i brev av 11.02.2025.

Fiskeridirektoratet har som oppgåve å fremje lønsam og verdiskapande næringsaktivitet gjennom berekraftig og brukarretta forvaltning av marine ressursar og marint miljø. Vi skal medverke i planlegging etter plan- og bygningslova i kyst- og sjøområde når fiskeri- og akvakulturinteresser, inkludert marint miljø og biologisk mangfald som er viktig for næringane, vert berørt.

Vi har lest igjennom «Miljøkonsekvensvurdering – utbygging av Mauranger 2 og påvirkning på marint vannmiljø og naturmangfold» av Sweco, og vi synst det er gjort eit grundig arbeid i samband med å kartlegge kva effekt utbygginga vil få for livet i sjøen.

Statkraft hadde planar om å ha eit utlaup for ferskvatn for Mauranger 2, eit stykke ut i Austrepollen. Dette ville ha ført til negative konsekvensar for livet i Austrepollen, blant anna gjennom endra vassstemperatur og endra vassstilførsle til fjorden gjennom året. Sweco føreslo som eit avbøtande tiltak å flytte utlaupet nærare utlaupet til Mauranger kraftverk. Dette vil stabilisere vassstraumen før den entrar gyte- og oppvekstområda nærare marbakken. Flytting vil også vere positivt i forhold til at ein slepp å sprengje i fjorden. Det å flytte utlaupet vil dermed vere positivt for livet i fjorden sjølv om det ikkje fjernar alle negative effektar av utslepp av vatn i fjorden.

Statkraft Energi AS skriv i brev av 11.02.2025 at ein vil lage opning til ny utlaupstunnel rett ved dagens utlaupstunnel, og med ein ny kanal delvis i parallell og som utviding av dagens kanal.

Vi tykkjer det er positivt at utlaupet blir flytta slik at ein får vekk ein del av dei negative effektane av eit dykka utlaup i fjorden.

Med helsing

Tom Hansen
seksjonssjef

Ingerid Bjørkevoll
rådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.

Mottakarliste:

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
--	----------------------------	------	------

Kopi til:

Kystverket	Postboks 1502	6025	Ålesund
Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	Leikanger
Sør-Norges Fiskarlag	Postboks 936	6001	Ålesund
Vestland Fylkeskommune	Askedalen 2	6863	Leikanger

